

Juletre og julefre'

Tekst: Josef G. Larssen

Melodi: Monrad Holm Johnsen

Frå Jul til Jul, dei sa-me from-me løf-te-ne me gjev, i år skal det bli slutt på alt som
hei-ter Ju-le-strev. Men når det blir no- vem-ber og de- sem-ber, smått i senn, så
kan du li-ta på at me er der me var i-gjen. Og me øn-skjer oss ber-re litt
Ju-le-fred og eit ør-li-te, ly-san-de Ju-le-tre. Nei, det skal ik-kje
stort mei-re til enn det, Ju-le-tre og Ju-le-fred.

2. Snart er det som ei Åsgårdsrei som hiv seg fram og bles hos oss, og i kvar heim, frå Nordkapp og til Lindesnes. Me skurar og me skrubbar vilt, på golv og vegg og tak, til både rygg og brok held på å rivna, med eit brak! Og me ønskjer ...

3. Me handlar sukker, mjøl og gjær og krydder i ein haug, så er det fram med kakeformer og med bakstetrau. Og skal det vera riktig, må me minst ha tretten slag, - det held, som regel, godt og vel til første Påskedag! Og me ønskjer ...

4. Så er det gåvestria då og det er ingen spøk, her ryk kvar von om alt du kan om desimal og brøk. Me auser ut til Julekort og Julegåveting, til lommeboka ser ut som ein nybløytt lefsekling. Og me ønskjer ...

5. Og når så Julekvelden kjem, så tenkjer me som før, - det her var siste gong me hadde slikt eit Julekjør. Men så kjem ein november og desember, smått i senn, og du kan lita på, så er me der me var - igjen! Og me ønskjer ...